



Arkivverket

Statistikk for Arkivinstitusjoner og arkiv i bibliotek og museum 2022



Innhald

Om statistikken	3
Statistikken i korte trekk	4
Bestand	5
Digitalt skapt bestand	5
Bestand i hyllemeter	7
Tilrettelegging for bruk	9
Digitalisering av papirmateriale	12
Oppbevaringstilhøve	13
Arkivlokale i arkivinstitusjonar	13
Arkivlokale i bibliotek og museum	14
Bevarte privatarkiv	15
Bestand, tilvekst og tal på privatarkiv	15
Tilrettelegging for bruk	17
Digitalt skapt privatarkivmateriale	19
Institusjonane med mest privatarkiv	20
Audiovisuelt arkivmateriale	22
Foto	22
Lyd og film	23
Lagringstilhøve for audiovisuelt arkivmateriale	24
Tilgjenge og bruk	25
Tilgjenge til arkivkatalogar på lesesal og nett	25
Besøk på lesesal, utlån og førespurnader	26
Publisering og bruk av digitalisert arkivmateriale	27
Årsverk og økonomi	28
Meir om arkivinstitusjonane	30
Vedlegg 1: Inndeling institusjonstypar	33
Arkivinstitusjonar	33
Museum	33
Bibliotek	34

Om statistikken

Riksarkivaren har som oppgåve å hente inn årleg statistikk frå institusjonar som tar vare på historiske arkiv. Formålet med statistikken er å få eit overordna bilete av situasjonen for arkiva i arkivbevarande institusjonar, og å måle endringar over tid. Oversikta brukast til å definere behov for arkivsektoren, og nyttast av Riksarkivaren i arbeidet med rettleiing, i oppfølginga av bevaringsinstitusjonane, og i rolla som utviklingsaktør. Statistikken går også vidare til Statistisk sentralbyrå som publiserer utvalde tal i den årlege rapporten «Kulturstatistikk».¹

Statistikken for arkivinstitusjonar og arkiv i bibliotek og museum, eller «Arkivstatistikken», for 2022 omfattar svar frå 149 institusjonar – 26 arkivinstitusjonar, 70 museum og 53 bibliotek (bibliotek-kategorien inkluderer folkebibliotek, fagbibliotek/dokumentasjonssenter og lokalhistoriske arkiv/samlingar). 160 institusjonar fekk tilsendt spørreskjema, noko som betyr ein svardel på 93 % (93 % for arkivinstitusjonar, 99 % for museum og 87 % for bibliotek). Dei aller fleste institusjonane som har levert inn svarskjema har svart på tilnærma alle spørsmål, medan nokre få institusjonar har svart på berre nokre av spørsmåla. Arkivverket går kvart år igjennom lista over institusjonar for å halde den oppdatert.

Arkivstatistikken gir kunnskap om situasjonen i dei arkivbevarande institusjonane i Noreg, og høve til å følge utviklinga over tid. Det er likevel visse manglar og utfordringar ved statistikken.

Eksempelvis er ikkje alt historisk arkivmateriale omfatta av denne statistikken. For statleg materiale dekker statistikken omtrent alt materiale, ettersom så å seie

alle dei statlege verksemdene har Arkivverket som depot for sitt historiske arkivmateriale. Men for det kommunale materialet så omfattar statistikken berre det arkivmateriale som er kome inn til dei kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonane (i statistikken kalla (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar; det vil seie byarkiv, fylkesarkiv og interkommunale arkivordningar). Historisk materiale frå kommunar som ikkje nyttar ei (fylkes) kommunal arkivordning fell utanfor Arkivstatistikken. Dette gjeld omkring 2 % av kommunane i Noreg.

For privatarkivmateriale dekker statistikken berre det materialet som har kome inn til institusjonane som får spørreskjema. Arkivverket sender spørreskjemaet til alle institusjonar som vi veit oppbevarer privatarkiv. Det finst fleire mindre aktørar, ofte frivillige (til dømes historielag) som oppbevarer slikt materiale. Arkivverket kjenner ikkje til alle desse, og dei får difor ikkje tilsendt spørreskjema.

Det er også utfordringar knytt til sjølve talmaterialet i statistikken. Institusjonane rapporterer sjølv inn tal. Arkivverket har i nokre tilfelle erfart at små endringar internt i institusjonane gir uventa endringar i innrapporterte tal frå år til år. Til dømes kan dette handle om byte i person som har ansvar for å rapportere inn tal og tilhøyrande endra forståing av kva ein skal telje og/eller korleis ein tolkar eit spørsmål. I andre tilfelle kan det handle om interne oppryddingar som har gitt betre oversikt over bestand som gjer store uventa utslag i tala. Til sist kan overføring av arkiv mellom institusjonar føre til dobbeltrapportering eller inga rapportering i det heile. Vi ber lesarane vere merksam på dette og tolke tala med omhug.

¹ Sjå: <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/kulturstatistikk>

Funn i korte trekk

Gjennom fleire år har den totale prosentdelen for arkiv som er digitalisert vore på ca. 3%. Med auvinga i digitalisering det siste året har denne verdien auka til 4%. Etter at Arkivverket starta samarbeidet med Nasjonalbiblioteket om å digitalisere arkiv for Arkivverket frå 2017 har det skjedd ein stor auke i talet på digitaliserte arkiv. Dette er eit viktig utviklingstrekk i perioden frå 2017, der også andre arkivinstitusjonar og museum har auka innsatsen sin på digitalisering.

Ved utgangen av 2022 var det totalt bevart 5 030 arkivuttrekk og 645 525 hyllemeter arkivmateriale i norske arkivinstitusjonar, museum og bibliotek. Arkivmateriale kan stå tett i tett i luftline frå Kristiansand til Levanger. Mengda Gigabytes (GB) har gått litt ned frå 2021, men er likevel meir enn firedobla frå 2018 til 2022 og utgjer no 211 467 GB totalt. Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane har fleire arkivuttrekk enn alle dei andre institusjonane til saman, heile 2 948 av totalt 5 030 uttrekk.

Total arkivbestand som er ordna og katalogisert utgjer 484 193 hyllemeter, det vil seie 75 % av bestanden. Dei (fylkes)kommunale institusjonane har desidert størst tilvekst til arkivbestanden i 2022, på 14 127 av totalt 19 950 hyllemeter. Dei har likevel klart å auke ordningsgraden på materialet noko, frå 70% i 2021 til 75 % i 2022. Fagbibliotek / dokumentasjonssenter har den lågaste delen som er tilrettelagt for bruk med ein ordningsgrad på 63 %.

Det er framleis mange museum og bibliotek som ikkje publiserer informasjon om arkiva sine på Arkivportalen. Det er også eit stort etterslep på publisering av informasjon om arkiva i (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar, men delen som er publisert har auka jamt dei siste åra. I 2022 er totalt 64 % av arkiva i bevaringsinstitusjonane publiserte på Arkivportalen.

Særs mange bevaringsinstitusjonar av alle typar tek vare på privatarkiv – i alt 144 av dei 149 som svarte tek vare på privatarkiv. Mange av desse arkiva er små, og den enkelte

institusjonen har ofte ei lita mengde privatarkivmateriale. Det er framleis få institusjonar som har tatt imot digitalt skapte privatarkiv. Total bestand av privatarkiv er på 139 883 om ein reknar i hyllemeter.

Talet på institusjonar med arkivuttrekk frå private aktørar og mengda GB viser at bevaring av digitalt skapte privatarkiv ligg etter bevaringa av papirarkiv. Status i 2022 er at litt under ein tredel av arkiva frå private aktørar ikkje er ordna, og det er berre publisert kataloginformasjon for 49 % av privatarkiva på Arkivportalen.

Besøk på lesesal har dei siste åra gått ned. Dette gjeld også for 2022, med nedgang frå 13 190 i 2021 til 11 806 besøk i 2022. Også talet på førespurnader har hatt ein nedgang frå året før, frå 63 852 til 46 689. Talet på utlånte arkivstykke har derimot hatt ein auke frå 34 896 i 2021 til 45 375 i 2022. Omkring 67 % av alle førespurnadane i 2022 gjeld eigedom eller dokumentasjon av rettar.

I 2022 meldar bevaringsinstitusjonane om totalt 943 arkivrelaterte årsverk², ein oppgang på heile 57 årsverk frå 2021. 797 av årsverka er arkivfaglege, og dette er ein oppgang på 54 frå 2021.

Som tidlegare år ber ein arkivinstitusjonane om å rapportere inn aktivitetar mot ålmenta. I samband med kommunesamanslåingane rapporterte dei (fylkes) kommunale arkivinstitusjonane tidlegare om høg aktivitet innan rettleiing og kursverksemd. Dei siste åra har denne aktiviteten minka grunna pandemien, men i år ser vi at tala har gått opp att.

For arkivinstitusjonane auka også tala for bruk av ulike formidlingskanalar i 2022. Til dømes melder 92 % at dei nyttar sosiale medium og eiga nettside til å formidle og kommunisere med omverda.

² Dei arkivrelaterte årsverka finn vi ved å legge saman «årsverk totalt» oppgitt av arkivinstitusjonane, og «arkivfaglege årsverk» oppgitt av bibliotek og museum.

Bestand

DIGITALT SKAPT BESTAND

Arkivinstitusjonane, musea og biblioteka melder om til saman 5 030 bevarte arkivuttrekk og omkring 645 000 bevarte hyllemeter arkiv ved utgangen av 2022. Det digitale materialet er på om lag 210 000 GB. Mengda arkivuttrekk aukar særleg i dei kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonane. Her ser vi ein solid auke på over 500 uttrekk samanlikna med 2021. I Arkivverket ser vi også ein god auke på nesten 70 nye uttrekk i 2022.


Tabell 1: Digitalt skapt arkivmateriale totalt etter institusjonstype pr. 2022

Institusjon	Uttrekk offentlege arkivskaparar	Uttrekk private arkivskaparar	Uttrekk totalt	GB totalt
Arkivverket	1750	89	1839	50 000
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	2 839	45	2 948	120 153
Andre arkivinstitusjonar	0	24	24	24 221
Sum Arkivinstitusjonar	4 589	80	4 733	194 374
Fagbibliotek / dokumentasjonssenter	-	31	31	11 623
Folkebibliotek	-	7	7	876
Lokalhistorisk arkiv / samling	-	1	1	0
Sum bibliotek/lokalhistoriske arkiv	-	39	39	12 499
Museum	-	240	180	4 594
Sum alle	4 589	437	5 030	211 467

Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane bevarer flest uttrekk totalt. I desse institusjonane er det i hovudsak snakk om uttrekk frå offentlege arkivskaparar. Deretter kjem Arkivverket, som i hovudsak har bevart uttrekk frå statlege arkivskaparar. Men Arkivverket har også ein aukande mengde uttrekk frå private verksemder, organisasjonar og personar, i alt 89 slike uttrekk ved utgangen av 2022.

Dei siste åra har stadig fleire museum og bibliotek rapportert at dei bevarer digitalt skapte arkiv, då frå privat sektor. Vi ser likevel ein liten nedgang i innrapporterte uttrekk for 2022 samanlikna med 2021. I 2022 opplyser 7 bibliotek og 13 museum at dei tek vare på digitale uttrekk. Samla sett tek dei vare på 219 private uttrekk. Tilsvarende tal var 262 i 2021. Det totale innrapporterte talet for GB, viser ein nedgang samanlikna med tal frå 2021. Berre arkivinstitusjonane rapporterer inn ein auke i 2022.


Figur 1: Del av uttrekk totalt og del av GB etter institusjonstype pr. 2022



Som enkeltinstitusjon er Arkivverket den største institusjonen målt i både tal på uttrekk (1 839) og GB (50 000 GB). For mengde GB finn ein deretter Norsk senter for folkemusikk og folkedans og deira store samling foto-, lyd- og film-/videomateriale på rundt 22 000 GB, Innlandet fylkesarkiv med nesten 20 000 GB og IKA Kongsberg og Oslo byarkiv – begge med like over 15 000 GB.


For tal på uttrekk finn ein, etter Arkivverket, Innlandet fylkesarkiv med nesten 500 uttrekk, IKA Møre og Romsdal med nesten 400 uttrekk og IKA Trøndelag med 330 uttrekk.

Figur 2: Utvikling i talet på arkivuttrekk totalt 2018-2022



Sidan 2018 har talet på arkivuttrekk nesten dubla seg - frå 2 940 til 5 030. Stadig fleire bevaringsinstitusjonar tek i mot digitale uttrekk.

Figur 3: Utvikling i talet på GB arkivmateriale totalt 2018-2022



Sjølv om mengda rapportert GB totalt har gått ned i 2022 samanlikna med 2021, ser ein at mengda GB likevel er meir enn tredobla frå 2018 til 2022.


BESTAND I HYLLEMETER

Institusjonane bevarer til saman 645 525 hyllemeter med analogt arkivmateriale. For 2022 er 90,5 % bevart i arkivinstitusjonane. Arkivverket bevarer 278 164, og dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane bevarer til saman 292 022 hyllemeter. Dei andre arkivinstitusjonane bevarer 14 324 hyllemeter. Musea og biblioteka bevarer 61 015 hyllemeter, som utgjer dei resterande 9,5 prosentane av den totale arkivmengda.

Tabell 2: Hyllemeter total arkivbestand med tilvekst etter institusjonstype pr. 2022:


Institusjonstype	Hyllemeter totalt	Tilvekst totalt 2021
Arkivverket	278 164	2 263
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	292 022	14 127
Andre arkivinstitusjonar	14 324	455
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	584 510	16 845
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	21 765	260
Folkebibliotek	1 484	96
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1 515	457
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	24 764	812
Museum	36 251	2 293
SUM ALLE	645 525	19 950

Figur 4: Fordeling av Hyllemeter total arkivbestand pr 2022:



Arkivinstitusjonane bevarer både offentlege arkiv og privatarkiv, medan musea og biblioteka i all hovudsak bevarer privatarkiv. Den samla tilveksten for 2022 er 19 950 hyllemeter som er på line med tala frå 2021, då samla tilvekst var 19 572 hyllemeter.


Figur 5: Utvikling i hyllemeter total arkivbestand 2018-2022



TILRETTELEGGING FOR BRUK

Institusjonane må leggja materialet til rette for bruk gjennom ordning og katalogisering. Det vil alltid vere eit visst etterslep i dette arbeidet. Delen ordna materiale avgjer kor mykje av det bevarte materialet som kan brukast. Delen varierer mellom dei ulike institusjonstypane.

Figur 6: Total del hyllemeter arkiv som er ordna pr. 2022



I følge rapporteringane er tre firedelar av den totale arkivbestanden ordna og katalogisert per 2022. Dette utgjer 484 193 av totalt 465 330 hyllemeter. Fagbiblioteka / dokumentasjonssentera og musea har den lågaste delen som er tilrettelagt for bruk med ei ordningsgrad på hhv. 63 % og 65 %.

Tabell 3: Hyllemeter total arkivbestand og del som er ordna totalt etter institusjonstype pr. 2022:

Institusjonstype	Hyllemeter totalt	Hyllemeter totalt ordna	Total del som er ordna
Arkivverket	27 8164	214 392	77 %
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	292 022	217 732	75 %
Andre arkivinstitusjonar	14 324	12 202	85 %
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	584 510	444 325	76 %
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	21 765	13 627	63 %
Folkebibliotek	1 484	1 175	79 %
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1 515	1 510	100 %
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	24 764	16 312	66 %
Museum	3 6251	23 555	65 %
SUM ALLE	645 525	484 193	75 %


Registreringssystemet Asta er det nasjonale verktøyet for forvaltning av og informasjon om historiske arkiv. Systemet inneheld opplysningar om arkivskapar og arkiv, og om bestanddelar av arkivet. For å kunne publisere denne arkivinformatjonen (kataloginformasjon) på Arkivportalen.no, og slik gjere han tilgjengeleg for publikum, er det ein føresetnad at materialet først er registrert i Asta.

³ Registrering av metadata om eller omtale av innhaldet i arkivet.


Tabell 4: Registrerte og publiserte arkiv (kataloginformasjon) totalt etter institusjonstype pr. 2022

Institusjonstype	Tal på arkiv	Tal på arkiv registrert i Asta	Del arkiv registrert i Asta	Tal på arkiv (kataloginfo) på Arkivportalen.no	Del arkiv (kataloginfo) på Arkivportalen.no
Arkiverket	27 445	27 445	100 %	26 394	96 %
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	62 338	59 027	95 %	41 362	66 %
Andre arkivinstitusjonar	2 909	2 825	97 %	2 605	90 %
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	92 692	89 297	96 %	70 361	76 %
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	12 285	4 860	40 %	4 732	39 %
Folkebibliotek	1 319	130	10 %	93	7 %
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	2 052	1 178	57 %	446	22 %
SUM BIBLIOTEK /LOKALHISTORISKE ARKIV	15 656	6 168	39 %	5 271	34 %
Museum	20 882	13 389	64 %	7 555	36 %
SUM ALLE	129 230	108 854	84 %	83 187	64 %

Figur 7: Del arkiv som er registrert i fagsystemet Asta pr. 2022




Figur 8: Del arkiv (kataloginformasjon) som er publisert på Arkivportalen.no pr. 2022



Arkivverket har registrert alle arkiva sine i Asta, og det høge talet registrerte arkivstykke og mapper viser òg eit høgt nivå av detaljregistrering av dei ulike bestanddelane av arkiva. Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane har registrert 95 % av arkiva og publisert informasjon om 66 %. Andre arkivinstitusjonar har registrert heile 97 % av arkiva, medan 90 % er publisert på Arkivportalen.


Musea har registrert 64 % av arkiva, men berre publisert informasjon om 36 %. Biblioteka har registrert ein liten del av sine arkiv i Asta. Berre 39 % er registrert, medan 34 % er publisert på Arkivportalen. Ein av forklaringane til dette er Nasjonalbiblioteket som oppbevarer eit høgt tal arkiv (privatarkiv), og samstundes ikkje har registrert noko i Asta.

Figur 9: Del registrerte og publiserte arkiv (kataloginformasjon) etter institusjonstype pr. 2022



Delen arkivkatalogar som er publisert har auka jamt dei siste åra. I 2022 er det publisert arkivkatalogar for 64 % av arkiva.

Figur 10: Utvikling i del registrerte og publiserte arkiv (kataloginformasjon) totalt 2018 - 2022



DIGITALISERING AV PAPIRMATERIALE


Som tidlegare år har Arkivverket den største mengda digitaliserte sider, men dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane kjem godt etter. I Arkivverket auka talet med nærmare 20 millionar sider i 2022, medan talet for digitaliserte sider frå dei fylkeskommunale arkivinstitusjonane auka med litt over 7 millionar. Tala har vore noko varierende rapportert dei siste åra, òg innanfor dei ulike bevaringsinstitusjonane, og må difor lesast med omhug.

Tabell 5: Digitaliserte sider totalt og del av totalbestand som er digitalisert etter institusjonstype pr. 2022

Institusjonstype	Hyllemeter totalt	Sider totalt (overslag: 10 000 sider pr. hm)	Digitaliserte sider	Del av papirarkiv som er digitalisert
Arkivverket	278 164	2 781 640 000	110 648 626	4,0 %
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	292 022	2 920 221 000	21 189 515	0,7 %
Andre arkivinstitusjonar	14 324	143 242 000	180 523	0,1 %
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	584 510	5 845 103 000	132 018 664	2,3 %
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	21 765	217 647 500	134 148	0,1 %
Folkebibliotek	1 484	14 840 000	36 385	0,2 %
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1 515	15 147 700	-	0,0 %
SUM BIBLIOTEK/ LOKALHISTORISKE ARKIV	24 764	247 635 200	170 533	0,1 %
Museum	36 251	362 506 800	868 814	0,2 %
SUM ALLE	645 525	6 455 245 000	133 058 011	2,1 %

Ein del (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar driv digitaliseringstenester for forvaltninga. Nokre forvaltar dei nye digitale originalane sjølve og tel dei til statistikken. Andre tel ikkje dette som sider dersom det digitaliserte materialet er sendt tilbake til eigarkommunane for bruk i kommunal sakshandsaming.


Figur 11: Utvikling av digitalisering av sider (papir) totalt 2018-2022



OPPBEVARINGSTILHØVE

Det er ei viktig oppgåve for bevaringsinstitusjonane å sikre det fysiske arkivmaterialet mot tilhøve som kan redusere kvaliteten eller tilgjengelegheita. Institusjonane får spørsmål om det er registrert skadar siste året, og om materialet det siste året har vore tilstrekkeleg sikra. I tillegg får dei eit eige spørsmål om spesiell sikring av audiovisuelt materiale (sjå eige kapittel).

Figur 12: Registrert skade i arkivlokala til bevaringsinstitusjonane i 2022




11 av bevaringsinstitusjonane har rapportert om skade etter vassinntrenging eller vasskade, og 16 har registrert skade som heng saman med klimatiske tilhøve i magasin siste året. Eit museum har opplevd brann eller branntilløp, og to arkivinstitusjonar har opplevd tjuveri eller forsøk på tjuveri.

ARKIVLOKALE I ARKIVINSTITUSJONAR

Arkivlokala i arkivinstitusjonane er i hovudsak godt sikra mot dei fleste tilhøve, men vi ser at klimatiske tilhøve byr på størst utfordringar – tre av arkivinstitusjonane har ikkje god nok sikring mot slike tilhøve og ein institusjon er usikker på om lokala er godt nok sikra mot dette. To institusjonar seier at lokala deira ikkje er godt nok sikra mot fukt.

Figur 13: Sikring av arkivlokale i arkivinstitusjonar pr. 2022




Arkivinstitusjonane er også bedne om å gje eit overslag over ledig magasinkapasitet. Den ledige plassen dei har til å ta imot nytt arkivmateriale var ved utgangen av 2022 på til saman rett under 136 000 hyllemeter. Året før var dette talet 98 000 hm. Dette svarar til ein auke på over 30 000 hm ledig magasinkapasitet, noko som i all hovudsak skyldast at Arkiv Øst (tidlegare Østfold interkommunale arkivselskap) våren 2022 fekk nytt og større depot for papirarkiv.

ARKIVLOKALE I BIBLIOTEK OG MUSEUM

I bibliotek og museum er den generelle sikringa av arkivlokala dårlegare enn for arkivinstitusjonane. 19 av institusjonane har ikkje sikra lokala mot brann, 9 opplyser at dei ikkje har sikra lokala mot skadeverk, innbrot og ulovleg tilgjenge. Heile 33 har ikkje sikra lokala mot klimatiske tilhøve og 21 institusjonar har ikkje lokale sikra mot fukt.

Figur 14: Sikring av arkivlokale i bibliotek og museum pr. 2022



Ein stor del av musea og biblioteka rapporterer at dei ikkje veit om arkivlokala er sikra mot ulike tilhøve. Fleire museum melder også at oppbevaringsforholda varierer frå lokasjon til lokasjon og at det difor er vanskeleg å gje eit klart svar på desse spørsmåla.


Bevarte privatarkiv

144 av dei 149 bevaringsinstitusjonane som har svart på undersøkinga melder at dei tek vare på privatarkiv. Det er berre eit fåtal som svarer at dei bevarer digitalt skapte privatarkiv.

BESTAND, TILVEKST OG TAL PÅ PRIVATARKIV


Rapportert totalbestand av privatarkiv var 139 883 hyllemeter i 2022. Samla tilvekst for året var på 5 000 hyllemeter. Arkivverket var institusjonen som meldte inn den største tilveksten, på 995 hyllemeter. Bevaringsinstitusjonane meldte om 437 bevarte arkivuttrekk frå private aktørar i 2022.

Figur 15: Utvikling av hyllemeter bevarte privatarkiv og totalt 2018-2022




Talet på hyllemeter privatarkiv har auka med omkring 11 % sidan 2018, medan totalmengda arkiv har auka med 13 % i same periode. Privatarkiv utgjer 21,7 % av total arkivbestand målt i hyllemeter i 2022.

Figur 16: Fordeling av arkivbestand i hyllemeter mellom privatarkiv og offentlege arkiv pr. 2022*



* Nokre få bevaringsinstitusjonar melder berre inn hyllemeter totalt, og skil ikkje mellom offentlig eller privat bestand. Dei er ikkje ein del av fordelinga i denne figuren.

Figur 17: Utvikling i del privatarkiv av total arkivbestand 2018-2022




Samstundes bevarer institusjonane samla sett omtrent like mange enkeltarkiv frå private aktørar som frå offentlege aktørar. Institusjonane melder om 63 623 bevarte enkeltarkiv frå privat sektor i 2022. Det utgjer omtrent 49 % av alle dei innrapporterte enkeltarkiva. Det viser at dei bevarte privatarkiva i snitt er mykje mindre enn dei offentlege arkiva. Men ingen av desse måla seier noko om kvaliteten på arkiva som er bevart eller kor komplette dei eventuelt er.

Tabell 6: Privatarkivbestand - hyllemeter, tilvekst, tal på arkiv etter institusjonstype pr. 2022

Institusjonstype	Hyllemeter privatarkiv	Tilvekst hyllemeter privatarkiv 2022	Tal på privatarkiv
Arkivverket	40 054	995	10 519
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	30 625	889	14 717
Andre arkivinstitusjonar	12 334	445	2 824
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	83 013	2 329	28 060
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	20 517	259	12 262
Folkebibliotek	1 437	91	1 296
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1 997	84	1 962
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	23 951	434	15 520
Museum	32 920	2 237	20 043
SUM ALLE	139 883	5 000	63 623

Figur 18: Fordeling av privatarkivbestand etter institusjonstype i hyllemeter pr. 2022



Rapporteringa viser at fordelinga av privatarkivbestanden mellom typar bevaringsinstitusjonar rekna i hyllemeter er heilt annleis enn for totalbestanden av arkiv. Det er for privatarkiv ei meir lik fordeling i hyllemeter mellom Arkivverket, (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar og museum. Medan andre arkivinstitusjonar har 9 % av bestanden av privatarkiv, har bibliotek og lokalhistoriske arkiv om lag 17 %.


Av talet som er rapportert inn på bevarte arkiv frå privat sektor, går det fram at arkivinstitusjonane stort sett tek vare på større arkiv enn bibliotek og museum som i snitt har mange mindre privatarkiv.

TILRETTELEGGING FOR BRUK


Ikkje alle privatarkiv som er bevart er tilrettelagt for bruk. Dei er i mindre grad enn offentlege arkiv ordna og registrert, og informasjonen om arkiva er i mindre grad publisert på den nasjonale tenesta for kataloginformasjon, Arkivportalen.no. Dette gjer det vanskeleg for alle slags brukarar å finne ut kva som er bevart og kor ein kan finne det.

Arkivmateriale må vere ordna og katalogisert for å vere mogleg å finne fram i. Det er alltid eit visst etterslep i ordning, katalogisering og publisering. Men dette er langt større for privatarkiv enn for offentlege arkiv. Status i 2022 er at 31 % av arkiva frå private aktørar ikkje er ordna.

Figur 19: Del hyllemeter privatarkiv som er ordna pr. 2022



Figur 20: Del privatarkiv (kataloginfo) publisert på Arkivportalen.no



Det er berre publisert kataloginformasjon for 49 % av privatarkiva på Arkivportalen.


Tabell 7: Privatarkivbestand – ordning, tal på arkiv, publiserte privatarkiv (kataloginfo) med del etter institusjonstype pr. 2022

Institusjonstype	Privatarkiv del av hm som er ordna	Tal på privatarkiv	Tal privatarkiv (katalogar) publisert på Arkivportalen.no*	Del privatarkiv publisert på Arkivportalen.no
Arkivverket	71,5 %	10 519	-	-
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	66,2 %	14 717	-	-
Andre arkivinstitusjonar	84,5 %	2 824	-	-
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	71,4 %	28 060	-	-
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	63,1%	12 262	-	-
Folkebibliotek	79,1%	1 296	-	-
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	67,2 %	1 962	-	-
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	64,4 %	15 520	-	-
Museum	67,0 %	20 043	-	-
SUM ALLE	69,2 %	63 623	31 152	49 %

*Tal henta direkte frå Arkivportalen 31.12.2022 – tal for publiserte privatarkiv er ikkje rapportert inn til Arkivstatistikken av institusjonane.

Vi har ikkje tal frå kvar enkelt institusjon når det kjem til publisering av kataloginformasjon om privatarkiv på Arkivportalen. Så her har vi gått direkte til Arkivportalen for å hente ut tal. Det vi kan lese ut ifrå Arkivportalen er at Arkivverket har publisert størstedelen av arkiva sine her. Deretter kjem andre arkivinstitusjonar og (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar. Tala viser at bibliotek og museum, som i all hovudsak berre bevarer privatarkiv, er institusjonstypene som publiserer minst materiale. Sjølv om talet på publiserte privatarkiv på Arkivportalen framleis er lågt, har det vore ein jamn auke dei siste åra. I 2022 er det publisert katalogar for 49 % av dei rapporterte privatarkiva. I 2018 var dette talet 39%. Det betyr at informasjon om bevarte privatarkiv er blitt meir tilgjengeleg for alle typar brukarar dei siste åra.

Figur 21: Utvikling i del av privatarkiv (kataloginformasjon) publisert på Arkivportalen.no 2018-2022



* I analysen av Arkivstatistikken 2021 var delen av privatarkiv publisert på Arkivportalen.no satt til 51%. Dette har i ettertid vist seg å være feil. Det rette talet skulle vere 50 %, og er i utviklingsgrafen i figur 21 blitt oppdatert.

DIGITALT SKAPT PRIVATARKIVMATERIALE


Ved utgangen av 2022 var det bevart 437 arkivuttrekk frå private aktørar i dei ulike bevaringsinstitusjonane. Med arkivuttrekk meiner ein det datainnhaldet som skal hentast ut av eit system og inngå som hovuddel i arkivversjonen og langtidsbevarast i eit digitalt depot. I offentlig forvaltning og i institusjonane som er depot for offentlig materiale er «arkivuttrekk» eit kjent omgrep. Digitalt skapt materiale frå private aktørar kjem som regel inn til bevaringsinstitusjonane som filstrukturar på harddisk, minnepinne, cd-rom eller liknande. Desse har sjeldan ein struktur som er eigna for langtidslagring og må leggest til rette for langtidslagring. Dette krev kompetanse som mange privatarkivinstitusjonar framleis manglar.

Tabell 8: Digitalt skapt privatarkivmateriale totalt pr. 2022 etter institusjonstype

Institusjonstype	Private uttrekk
Arkivverket	89
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	45
Andre arkivinstitusjonar	24
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	158
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	31
Folkebibliotek	7
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	39
Museum	240
SUM ALLE	437

Det er vanskeleg å sei noko sikkert om storleiken på dei private uttrekka, då Arkivstatistikken berre spør om kor mange gigabytes (GB) bevaringsinstitusjonane bevarer totalt. Det er og fleire respondentar som melder om manglande oversikt over- og usikre tal på mengda GB. Ut ifrå årets rapportering, ser vi ein liten nedgang i talet i GB for alle bevaringsinstitusjonane samanlikna med tal frå 2021, frå 217 896 til 211 467 i 2022.

Figur 22: Utvikling i talet på uttrekk av privatarkiv 2018-2022



Figur 22 viser utviklinga i tal på bevarte arkivuttrekk i perioden 2018 til 2022. Totalt er det bevart 4 952 uttrekk i 2022. Talet på uttrekk frå private aktørar har i den same perioden auka frå 260 til 437.

INSTITUSJONANE MED MEST PRIVATARKIV

Vi kan sjå nærare på dei institusjonane som melder om flest hyllemeter privatarkiv. Samanstillinga i tabell 9 viser at dei 15 institusjonane med flest hyllemeter bevarer om lag 71 % av alt privatarkivmaterialet. Dei resterande 129 institusjonane har mindre bestandar av privatarkiv. Nokre bevarer ikkje meir enn éin hyllemeter.

Vi ser store forskjellar i korleis bestanden er sett saman, jf. tabell 9. Nokre institusjonar har fleire mindre arkiv, medan andre har færre men større arkiv. Til dømes melder Nasjonalbiblioteket og Arbark bort imot like stor privatarkivbestand målt i hyllemeter. Men rapporteringa syner at Nasjonalbiblioteket sine arkiv er fleire og mindre, medan Arbark sine arkiv er færre og større.

Berre 8 av dei 15 institusjonane med flest hyllemeter privatarkiv melder om bevaring av uttrekk frå private aktørar. Desse institusjonane tek til saman vare på 165 av 437 uttrekk frå private aktørar.

Tabell 9: Oversikt over institusjonane som har flest hyllemeter privatarkiv pr. 2022, jf. med tal på arkiv og uttrekk frå private aktørar. Total arkivbestand i hm i institusjonen i grått.

Nr	Navn på institusjon	Privatarkiv bestand hm	Tal på privatarkiv	Bevarte uttrekk frå private aktørar	Total bestand hm
1	Arkivverket	40 054	10 519	89	27 8164
2	Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek (Arbark)	8 700	22 38	21	8 700
3	Nasjonalbiblioteket	8 259	7 100	0	8 259
4	Bergen byarkiv	7 707	1946	17	38 468
5	Vestfoldarkivet	4 649	2 102	2	6 840
6	ArkiVest	4 411	1 131	20	4 411
7	Arkiv i Nordland	3 480	1 511	0	14 104
8	Aust-Agder museum og arkiv	3 464	1955	3	10 441
9	Misjons- og diakoniarkivet, VID	2 980	555	0	2 980
10	Østfoldmuseene	2 758	1 145	12	2 841
11	Oslo byarkiv	2 660	508	0	23 808
12	NTNU Universitetsbiblioteket i Trondheim	2 650	662	0	2 650
13	Fylkesarkivet i Vestland	2 475	2 249	1	9 039
14	Stiftelsen Lillehammer museum (inkl. Opplandsarkivet, avd. Maihaugen)	2 403	1950	0	2 403
15	AAT-NIA (Arbeiderbevegelsens arkiv i Telemark / Norsk Industriarbeidermuseum)	2 386	1 015	0	2 386
	SUM PRIVATARKIV 15 STØRSTE	99 036	36 586	165	415 494

*Med uttrekk meiner ein det datainnhaldet som skal hentast ut av eit system og inngå som hovuddel i arkivversjonen.

Til saman 31 bevaringsinstitusjonar melder om uttrekk frå private aktørar. Vi kan sjå nærare på dei institusjonane som rapporterer om flest uttrekk, og kor datamengda totalt er over 50 GB. Topp 10 av desse institusjonane bevarer om lag 41 % av alle uttrekk frå private aktørar. Dei resterande 21 institusjonane melder anten berre om 1 uttrekk, eller fleire uttrekk men då ikkje med ei datamengd over 50 GB.

Tabell 10: Oversikt over institusjonar som har oppgitte uttrekk frå private aktørar og har meir enn 50 GB (totalt) i 2022. Tal på hm privatarkiv i institusjonen i grått.

Nr	Namn på institusjon	Bevarte uttrekk frå private aktørar	Bevarte uttrekk totalt	Bevarte GB totalt	Privatarkiv bestand hm
1	Arkivverket	89	1839	50 000	40 054
2	Narvik krigsmuseum	30	30	510	153
3	Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek	21	21	2 020	8 700
4	Stavanger byarkiv	10	63	584	1 378
5	Innlandet Fylkesarkiv	10	496	19 274	770
6	Museene i Sør-Trøndelag A/S	5	5	640	1 546
7	Danseinformasjonen (Dansearkivet)	5	5	500	30
8	Aust-Agder museum og arkiv	3	77	4 377	3 464
9	Norsk senter for folkemusikk og folkedans	3	3	22 201	639
10	Vestfoldarkivet	2	7	1 180	4 649

Audiovisuelt arkivmateriale

Audiovisuelt arkivmateriale er eit omgrep nytta som samlenemning for materiale som fotografi, lyd og film i ulike format (heretter kalla AV-materiale). Arkivstatistikken har i fleire år henta inn tal for denne type materiale, og desse har vist at institusjonane har rikhaldige samlingar. Omfanget varierer frå eitt opptak til fleire hundre tusen.

Det har lenge vore utfordrande å hente inn gode tal over AV-materiale hos norske bevaringsinstitusjonar. Årsaka til dette har vore samansett. Mange institusjonar har hatt for dårleg oversikt over den audiovisuelle delen av samlinga då materialet har vore lite tilgjengeleg mellom anna grunna format. Arkivstatistikken ber bevaringsinstitusjonane om å rapportere AV-materiale i éin av tre forskjellige einingar – opptak, fysiske einingar (berarar) eller timar. Dette gjer det årvisse samanlikningsgrunnlaget problematisk då enkelte institusjonar rapporterer materiale i ulik eining frå år til år.

Det kan somtid også vere uklårt om institusjonane rapporterer det same materiale fleire gonger i forskjellige einingar, enno dette er forsøkt klargjort i forklaringa til rapporteringa. Ein del institusjonar let dessutan vere å svare på delen som gjeld AV-materiale, anten fordi dei melder at dette vert rapportert til museumsstatistikken eller fordi dei ikkje har god nok oversikt. Der institusjonar rapporterte på denne delen føregåande år, fører dette til dels til store utslag ved årvisss samanlikning. Alle desse faktorane gjer at det kan vere grunn til å lese tala med omhug.

I 2019 sendte Kulturrådet ut ei rettleiing til musea i Noreg for å klargjere kva materiale som skal rapporterast til kva statistikk. Ved førre måling resulterte dette i ein kraftig nedgang i innrapportert foto til Arkivstatistikken. Også i år kan det sjå ut til at fleire museum har endra rapporteringsrutinane i høve Kulturrådet sin rettleiar, noko som gjev utslag i den årvisse statistikken.

FOTO

Dei norske bevaringsinstitusjonane rapporterer at dei bevarer mykje foto. Til saman er om lag 30,6 millionar fotografi rapportert inn til Arkivstatistikken. Fleire museum rapporterer fotobestanden til museumsstatistikken, og rettleiinga frå Kulturrådet er med på å forklare kvifor fotobestanden hjå musea er låg også i år; 2,7 millionar i 2022.

Tabell 11: Foto totalt, registrert og digitalisert etter institusjonstype pr. 2022

Institusjonstype	Foto totalt	Foto registrert i katalogsystem	Foto digitalisert	Del av foto som er digitalisert	Del av digitaliserte foto totalt
Arkivverket	6 647 442	190 000	224 842	3,4 %	13,2 %
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	12 536 679	2 686 092	411 018	3,3 %	24,1 %
Andre arkivinstitusjonar	5 430 027	769 762	134 733	2,5 %	7,9 %
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	24 614 148	3 645 854	770 593	3,1 %	45,2 %
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	2 688 513	420 920	282 269	10,5 %	16,6 %
Folkebibliotek	100 777	55 604	37 764	37,5 %	2,2 %
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	440 963	99 659	252 565	57,3 %	14,8 %
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	3 230 253	576 183	572 598	17,7 %	33,6 %
Museum	2 784 443	937 687	360 830	13,0 %	21,2 %
SUM ALLE	30 628 844	5 159 724	1 704 021	5,6 %	100,0 %

I 2022 som i 2021 er talet på digitaliserte foto lågt. Berre 5,6 % av den totale fotobestanden er digitalisert. Årsaka er dels den store tilveksten foto som ikkje er digitalisert, dels varierende rapporteringsrutinar frå fleire institusjonar.

LYD OG FILM

Arkivstatistikken spør institusjonane om bevaring av film/video og lyd. For at statistikken skal bli mest mogleg presis har ein forsøkt å ta omsyn til at institusjonar har registrert denne type materiale i forskjellige måleeiningar. Institusjonane blir bedne om å rapportere tal for opptak, fysiske einingar (berarar) eller timar.

Tabell 12: Lyd totalt og digitalisert etter institusjonstype pr. 2022

Institusjonstype	Lydopptak totalt	Lydopptak digitalisert	Lydberarar totalt	Lydberarar digitalisert	Lydtimar totalt	Lydtimar digitalisert
Arkivverket	-	7 985	7 840	3 741	-	7 301
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	12 265	1 256	217 630	760	33 840	94
Andre arkivinstitusjonar	6 897	975	12 768	1 456	-	2 304
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	19 162	10 216	238 238	5 957	33 840	9 699
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	2 831	46	3 876	1 232	1 786	-
Folkebibliotek	344	50	112	-	324	180
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1 174	218	1 553	114	336	165
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	4 349	314	5 541	1 346	2 446	345
Museum	85 527	55 903	40 152	11 257	1 679	439
SUM ALLE	109 038	66 433	283 931	18 560	37 965	10 483

Dei største endringane i rapporteringa for lyd ser ut til å skuldast endringar i rapporteringsrutinane hos enkelte institusjonar og mangel på innrapportering hos andre, og det er difor vanskeleg å trekke konklusjonar om utvikling.

Tabell 13: Film/video totalt og digitalisert etter institusjonstype pr. 2022


Institusjonstype	Film/ video-opptak totalt	Film/ video-opptak digitalisert	Film/ video-berarar totalt	Film/ video-berarar digitalisert	Film/ video timar totalt	Film/ video timar digitalisert
Arkivverket	-	7 301	4 928	103	-	77
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	154 201	94	6 951	439	-	20
Andre arkivinstitusjonar	698	2 304	15 950	3 742	-	-
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	154 899	9 699	27 829	4 284	-	97
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	173	-	1 981	188	82	1
Folkebibliotek	394	180	5 663	70	72	20
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	249	165	3 666	2 343	107	107
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	816	345	11 310	2 601	261	128
Museum	6 865	439	21 799	1 472	377	332
SUM ALLE	162 580	10 483	60 938	8 357	638	556

Også for film og video synast dei største årvisse variasjonane å være skulda endringar i rapporteringsrutinar i dei einskilde institusjonane, og det er også her vanskeleg å trekke konklusjonar om utvikling. I tillegg til usikkerheita kring rapporteringsrutinar, kommenterer fleire bevaringsinstitusjonar at dei har dårleg oversikt over materialet, og at tala berre er eit estimat. Fleire rapporterer også at materialet er utilgjengeleg grunna mangel på avspelasutstyr. Mange institusjonar seier at dei samarbeider med Nasjonalbiblioteket om digitalisering av film og videomateriale.

LAGRINGSTILHØVE FOR AUDIOVISUELT ARKIVMATERIALE

Då audiovisuelt materiale er sårbart og brytast ned raskt, spør Arkivstatistikken spesielt om lagringstilhøve for dette materialet. Som i tidlegare år syner svara at lagringstilhøva for AV-materialet er best hos arkivinstitusjonane der over halvparten (54 %) svarer at lokala har eigna lagringstilhøve. Dette er ein oppgang frå 45 % i 2019 då statistikken for fyrste gong hadde med spørsmål om dette. For bibliotek og museum svarer 26 % av institusjonane at dei har gode nok lagringstilhøve – ein oppgang frå 21 % i 2019. Heile 55 % av bevaringsinstitusjonane svarar at berre delar av materialet er lagra tilfredsstillande. 15 % svarar at AV-materialet ikkje har tilfredsstillande lagringstilhøve.

Figur 23: Er lagringstilhøva for audiovisuelt arkivmateriale tilfredsstillande? Etter institusjonstype pr. 2022




Tilgjenge og bruk

Ein arkivkatalog inneheld viktige opplysningar om kva eit arkiv inneheld; derfor spelar tilgjenge og kvaliteten på arkivkatalogane framleis ei viktig rolle, også i ei tid der mange av kjeldene er å finne digitalisert og på nett. Alle arkivinstitusjonane svarer at dei har arkivkatalogar tilgjengelege på lesesal og over 75% av biblioteka og musea har arkivkatalogar tilgjengelege.


TILGJENGE TIL ARKIVKATALOGAR PÅ LESESAL OG NETT

Figur 24: Institusjonar med arkiv (kataloginfo) tilgjengeleg på lesesal etter institusjonstype pr. 2022



Før brukarane kjem på lesesalane, treng dei å vite kvar arkivmaterialet dei leitar etter finst og kva det inneheld. Arkivportalen er ein nasjonal publiserings- og søkjeteneste for arkivkatalogar i bevaringsinstitusjonane. 48 % av bevaringsinstitusjonane svarer at dei publiserer på Arkivportalen. Som tidlegare er skilnaden stor mellom arkivinstitusjonane med 81 %, og bibliotek og museum med 41 %. Fleire svarer at dei gjer informasjonen tilgjengeleg på andre stader enn Arkivportalen; 30 % på eigen nettstad og 25 % på andre nettstader. I tillegg kjem heile 45 % som ikkje gjer arkivkatalogane tilgjengelege digitalt.


Figur 25: Institusjonar som gir tilgjenge til arkiv (kataloginfo) på nett etter institusjonstype pr. 2022



BESØK PÅ LESESAL, UTLÅN OG FØRESPURNADER

Tala på lesesalsbesøk syner òg i 2022 ein liten nedgang. Det er ein større nedgang i førespurnader frå 63 852 i 2021 til 46 689 i 2022. Dei siste åra har det vore ein nedgang i utlånte arkivstykke på lesesal, men denne tendensen er snudd om i 2022; Talet på utlånte arkivstykke har auka frå 34 896 i 2021 til 45 375 i 2022.

Figur 26: Utvikling i førespurnader og lesesalsbesøk 2018-2022



Tabell 14: Tal på besøk, utlån og førespurnader på lesesal etter institusjonstype i 2022


Institusjonstype	Besøk på lesesal	Utlånte arkivstykke	Førespurnader totalt	Førespurnader om eigedom og dokumentasjon av rettar
Arkivverket	7 409	22 900	12 548	6 036
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	-	7 738	32 010	25 069
Andre arkivinstitusjonar	-	7 218	2 131	-
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	7 409	37 856	46 689	31105
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	1407	4 271	-	-
Folkebibliotek	151	86	-	-
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	278	92	-	-
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	1836	4 449	-	-
Museum	2 561	3 070	-	-
SUM ALLE	11806	45 375	46 689	31105

PUBLISERING OG BRUK AV DIGITALISERT ARKIVMATERIALE

I 2020 vedtok Stortinget at Digitalarkivet skal vere nasjonal fellesløyising for bevaring og publisering av historiske arkiv i Noreg. Arkivverket eig og forvaltar Digitalarkivet, og allereie i 2019 opna Digitalarkivet for publisering frå alle bevaringsinstitusjonane i Noreg. Arkivverket held derfor oversyn med kven av og kor mange bevaringsinstitusjonar som publiserer kjeldene sine i Digitalarkivet. Ved utgangen av 2022 var det til saman 52 bevaringsinstitusjonar som gjer arkiva sine tilgjengelege på Digitalarkivet. Det er ein auke på 14 frå 2021.

Med ei målsetting om at brukarane skal finne all historisk arkivinformasjon i bevaringsinstitusjonane frå stat, kommune og privat sektor samla på ein stad, ynskjer Arkivverket å vite meir om kor bevaringsinstitusjonane publiserer arkiva i dag. Svara i arkivstatistikken viser at det er eit stykke igjen før ein kan finne kjelder i eit felles søk på nett.

Figur 27: Kvar publiserer institusjonen sitt digitaliserte arkivmateriale? Pr. 2022



38 av bevaringsinstitusjonane oppgir at dei publiserer på Digitalarkivet. 14 av dei som har svart bruker Fotoweb og heile 49 bruker Digitalt museum. Arkivportalen har også løysingar for digitaliserte dokument, som 34 svarer at dei bruker denne løysinga. Mange nyttar fleire plattformer, og difor opnar spørsmålet for å krysse av på fleire svaralternativ. Svara viser at publikum i dag må leite på mange ulike stader for å finne kjelder på nett.


Talet på årlege unike brukarar er og noko lågare i 2022 med 1,2 millionar unike brukarar mot omlag 1,3 millionar i 2021. Det er elles ei forventa utvikling at talet på besøk og individuelle brukarar skal auke i takt med at stadig fleire bevaringsinstitusjonar brukar Digitalarkivet og at stadig meir arkivmateriale blir publisert.

Frå og med 2022 hentar ikkje Arkivverket inn talet på unike treff eller besøk, men talet på brukarar.

Årsverk og økonomi

Det er stor aktivitet knytt til bevaring, forvaltning og formidling av arkiv i dei norske bevaringsinstitusjonane. For å utføre dette arbeidet hadde institusjonane i 2022 samla sett tilsette som utførte 943 arkivrelaterte årsverk⁴, ein oppgang på heile 57 årsverk frå 2021. 797 av desse er arkivfaglege årsverk – ein oppgang på 54.

Figur 28: Utvikling i årsverk totalt knytt til arkiv i bevaringsinstitusjonane 2018-2022



Den største auka i både arkivrelaterte og arkivfaglege årsverk skuldast nye årsverk i arkivinstitusjonane. Desse institusjonane har hatt ein oppgang på 52 arkivrelaterte årsverk og 47 arkivfaglege årsverk frå 2021. Den store auka i årsverk i desse institusjonane skuldast truleg eit arbeide for å rigge seg for framtida ved å tilsette meir (og også ofte annleis) arbeidskraft og kompetanse. Arkivinstitusjonane får til dømes fleire og fleire oppgåver knytt til den digitale omstillinga i samfunnet og mottak og ivaretaking av digitalt skapte arkiv.

Tabell 15: Årsverk totalt knytt til arkiv etter institusjonstype i 2022

Institusjonstype	Arkivrelaterte årsverk	Arkivfaglege årsverk	Andre årsverk
Arkivverket	292,0	200,0	92,0
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	487,7	448,2	42,6
Andre arkivinstitusjonar	45,8	31,2	15,4
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	825,5	679,4	150,0
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	37,9	37,9	Ikkje spurt
Folkebibliotek	1,1	1,1	Ikkje spurt
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	3,8	3,8	Ikkje spurt
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	42,8	42,8	Ikkje spurt
Museum	74,6	74,6	Ikkje spurt
SUM ALLE	942,9	796,8	150,0

⁴ Dei arkivrelaterte årsverka finn vi ved å legge saman «årsverk totalt» oppgitt av arkivinstitusjonane, og «arkivfaglege årsverk» oppgitt av bibliotek og museum.

Musea og biblioteka oppgir berre arkivfaglege årsverk til statistikken. I 2022 rapporterer desse institusjonane samla å ha rundt 117 arkivfaglege årsverk. Dette er ein lita auke på fem årsverk frå 2021. I gjennomsnitt utgjer likevel dette under eit arkivfagleg årsverk per bibliotek eller museum som har svart på årets statistikk. Nokre av dei større musea oppgir fleire arkivfaglege årsverk, mens mange av dei mindre musea og biblioteka oppgir inga arkivfaglege årsverk.

Det er berre arkivinstitusjonane som oppgir økonomital til statistikken. Til saman oppgir arkivinstitusjonane 1 142 623 708 kr i driftsmiddel og 1 071 843 201 kr i driftsutgifter.

Tabell 16: Økonomi i arkivinstitusjonar i 2022

Institusjonstype	Driftsmiddel	Driftsutgifter
Arkivverket	629 948 000	540 861 000
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	471 502 208	489 075 201
Andre arkivinstitusjonar	41 173 500	41 907 000
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	1 142 623 708	1 071 843 201

Det er viktig å lese økonomitala med omhug, då fleire institusjonar kommenterer at det er vanskeleg for dei å oppgi eksakte tal på alt. Til dømes kan dette gjelde kostnader knytte til husleige og drift av lokale for dei institusjonane som deler lokale med andre der husleiga er del av eit anna budsjett. Tenesteområdet Arkiv er dessverre ikkje del av KOSTRA-rapporteringa⁵, og det er difor vanskeleg å halde god oversikt over kommunane sine økonomital knytt til denne oppgåva.

⁵ Kommune-Stat-Rapportering, se <https://www.ssb.no/innrapportering/kostra-innrapportering>

Meir om arkivinstitusjonane

Som tidlegare år ber ein arkivinstitusjonane om å rapportere inn aktivitetar mot ålmenta. Dei svarer på spørsmål om tidsbruk nytta til ekstern rettleiing og anna kurs- og foredragsaktivitet, anten mot arkivskaparar eller mot det generelle publikummet. Dei svarer òg på spørsmål om aktivitet knytt til andre typar arrangement og utstillingar.

I samband med kommunesamanslåingane rapporterte dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane tidlegare om høg aktivitet innan rettleiing og kursverksemd. Dei siste åra har denne aktiviteten minka grunna pandemien, men i år ser vi at tala har gått opp att.

Tabell 17: Rettleiing, kurs og deltakarar på kurs i arkivinstitusjonar i 2022

Institusjonstype	Dagsverk synfaring, tilsyn, rettleiing	Tal på kurs for arkivskaparar	Deltakarar på kurs for arkivskaparar
Arkivverket	4 190		-
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	2 891	449	4 164
Andre arkivinstitusjonar	43	3	46
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	7 124	452	4 210

Tal på kurs og tal på deltakarar på kurs har auka sidan 2021. Dette har truleg samanheng med at samfunnet er heilt opent etter pandemien, samstundes som ein har funne nye kursformar.


Aktivitet knytt til arrangement, foredrag og fysiske utstillingar i arkivinstitusjonane har hatt ein markant auke. Det var i 2021 totalt 51 arrangement, 49 foredrag og 49 utstillingar. I 2022 var det 96 arrangement, 298 foredrag og 51 utstillingar.

Tabell 18: Arrangement, foredrag og utstillingar i arkivinstitusjonar i 2022

Institusjonstype	Arrangement	Foredrag	Fysiske utstillingar
Arkivverket	0	0	0
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	68	244	41
Andre arkivinstitusjonar	28	54	10
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	96	298	51

For arkivinstitusjonane auka også tala for bruk av ulike formidlingskanalar i 2022. Til dømes melder 92 % at dei nyttar sosiale medium og eiga nettside til å formidle og kommunisere med omverda.

Figur 29: Formidlingskanalar i arkivinstitusjonar pr. 2022




21 (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar har svart på undersøkinga. Kommunar og fylkeskommunar eig og styrar desse, og institusjonane er interkommunale arkiv (såkalla IKA), fylkesarkiv og byarkiv. Alle som har svart på spørsmåla om depot melder at dei tilbyr depotordning for papirmateriale, medan 19 av 20 svarer at dei tilbyr depot for elektronisk arkiv – same som i 2020 og 2021.

Figur 30: Tenester for arkiv i (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar pr. 2022



Institusjonane tilbyr også ei rekke andre tenester til eigarane, slik som kurs, fagleg rettleiing og arkivfaglege møte. Alle institusjonane oppgir å tilby både kurs, fagleg rettleiing og faglege møte med eigar/medeigar/medlem. Nesten alle oppgir no også å hjelpe sine eigarar med rådgiving ved kjøp og innføring av elektroniske system for arkiv.

Figur 31: Andre tenester i (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar pr. 2022



Vedlegg 1:

Inndeling institusjonstypar

ARKIVINSTITUSJONAR

Arkivverket (Riksarkivet, statsarkiva, Samisk arkiv og Norsk Helsearkiv)

Andre arkivinstitusjonar

Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek

Misjons- og diakoniarkivet, VID

Norsk Luthersk Misjonssamband (ikkje svart)

Norsk Lydinstitutt (ikkje svart)

Norsk senter for folkemusikk og folkedans

Stortingsarkivet

(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar

Arkiv i Nordland

Arkiv Øst

Arkiv Troms

Aust-Agder museum og arkiv

Bergen byarkiv

Drammen byarkiv

Fredrikstad byarkiv

Fylkesarkivet i Vestland

IKA Finnmark

IKA Hordaland

IKA Kongsberg

IKA Møre og Romsdal

IKA Rogaland

IKA Trøndelag

Arkivsenter Sør

Innlandet Fylkesarkiv

Oslo byarkiv

Stavanger byarkiv

Tromsø byarkiv og bibliotek

Trondheim byarkiv

Vestfoldarkivet

MUSEUM

Anno museum

Arran Lulesamisk senter / Árran - julevsáme guovdásj (ikkje svart)

Buskerudmuseet

Bø Museum

Dalane folkemuseum

Davvi álbmogiid guovddáš - Senter for nordlige folk

Deanu ja Varjjat museasiida - Tana og Varanger museumssiida

Drammens museum for kunst og kulturhistorie

Falstadsenteret

Forsvarets museer

Galleri F 15

Gudbrandsdalsmusea AS

Hardanger og Voss Museum

Haugalandmuseene

Helgeland museum

Jødisk Museum i Oslo

Jødisk museum i Trondheim

Kistefos-Museet

Kraftmuseet - Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

Midt-Troms Museum

Mjøsmuseet

Musea i Sogn og Fjordane

Musea på Sunnmøre

Museene for kystkultur og gjenreisning i Finnmark IKS

Museene i Akershus (MIA)

Museene i Sør-Trøndelag A/S

Museet Midt IKS

Museum Nord

Museum Stavanger AS

Museum Vest

Museumssenteret i Hordaland

Narvik krigsmuseum
Nordlandsmuseet
Nordmøre museum, stiftelsen
Nord-Troms museum
Norges arktiske universitetsmuseum
Norsk Bergverksmuseum
Norsk Jernbanemuseum
Norsk Luftfartsmuseum
Norsk Oljemuseum
Norsk Skogfinsk Museum
Norsk vegmuseum
Oslo Museum
Perspektivet Museum
Preus museum
Randsfjordmuseene AS
RiddoDuottarMuseat
Romsdalsmuseet
Ryfylkemuseet
Saemien Sijte
Skimuseet i Holmenkollen
Stiftelsen Lillehammer museum
(inkl. Opplandsarkivet, avd. Maihaugen)
Stiftelsen Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur
og design
Stiftelsen Norsk Folkemuseum
Stiftelsen Norsk Teknisk museum
Stiftinga Jærmuseet
Stiftinga Nynorsk Kultursentrum
Stiklestad nasjonale kultursenter
Sunnhordland museum
Svalbard museum
Sør-Troms Museum
Telemark Museum
Valdresmusea AS
Varanger museum IKS
Várdobáiki samisk senter
Verdensarvsenter for bergkunst - Alta
Museum IKS
Vest-Agder-museet IKS

Vest-Telemark museum
Vigeland-museet
Østfoldmuseene
AAT-NIA (Arbeiderbevegelsens arkiv i Telemark / Norsk
Industriarbeidermuseum)

BIBLIOTEK

Fagbibliotek/dokumentasjonssenter

Arbeiderbevegelsens arkiv Hedmark
ArkiVest
Danseinformasjonen (Dansearkivet)
Det teologiske Menighetsfakultet Historisk Arkiv
Folkemusikkarkivet i Telemark
HL-senteret
Nasjonalbiblioteket
Norges geologiske undersøkelse bibliotek (Ikkje svart)
Norsk polarinstitutt, biblioteket (Ikkje svart)
NTNU Universitetsbiblioteket i Trondheim
Troms og Finnmark fylkesbibliotek
UiB, Arne Bjørndals samlinger (ikkje svart)
UiB, Billedsamlingen
UiB, Manuskript- og librarsamlingene
UiB, Skeivt arkiv
UiB, Språksamlingene
UiT Norges arktiske universitet, Universitetsbiblioteket
(tidl. Universitetsbiblioteket i Tromsø)

Folkebibliotek

Alvdal bibliotek
Asker bibliotek
Brønnøy bibliotek
Bærum bibliotek
Hamarøy bibliotek
Harstad bibliotek
Haugesund folkebibliotek
Karmøy folkebibliotek
Kristiansand folkebibliotek
Kristiansund bibliotek
Kvæfjord folkebibliotek (Ikkje svart)

Levanger bibliotek
Loppa folkebibliotek
Meråker (kombinasjons)bibliotek
Notodden bibliotek
Ringerike bibliotek
Røros folkebibliotek
Skiptvet bibliotek
Sola folkebibliotek
Spydeberg bibliotek (ikkje svart)
Stad bibliotek, avd. Selje
Sula Bibliotek
Surnadal folkebibliotek
Time bibliotek
Tingvoll bibliotek
Vennesla bibliotek
Verdal bibliotek
Øvre Eiker bibliotek

Lokalhistoriske arkiv/samlingar

Drangedal historielag
Flesberg historielag
Gol bygdearkiv
Hedrum historielag
Hemsedal bygdearkiv (Ikkje svart)
Hol bygdearkiv
Lier historielag
Lokalhistorisk arkiv i Sauherad
Lokalhistorisk arkiv i Vinje
Lokalhistorisk senter Horten
Nordre Follo lokalhistoriske arkiv
Rakkestad lokalsamling
Sauda lokalarkiv (Ikkje svart)
Sogndal lokalhistorisk arkiv (Sogndal bibliotek)
Ål bygdearkiv (ikkje svart)
Ås kommunes lokalhistoriske arkiv



Arkivverket

Trenger du hjelp til å finne
opplysninger i arkivmateriale
som er bevart i Arkivverket,
gå til **Våre tjenester**
og velg ønsket tjeneste der.